



Buskapen har nok i røynda likevel vore større. Det vitnar seinare kjelder om. Høyet har vore henta både heime og i heia. Gode slåtter var mellom anna Hidderslåttå, Larsaslåttå, Skarvene og Skuggjen. På somme av slåttene stod det løer, men det var og vanleg å stekkja. Høyet i heia vart køyrt heim på snøfor. Om våren melka dei kyrne på Brekkestølen, men den eigentlege stølen til Fosstveit er Beintfram som ligg mellom Nordstøldalselva og Grødalselva ikring 390 m o.h. Midtsommars brukte dei og Liastølen på austsida i Fosstveitheia. Liastølen ligg ikring 560 m o.h. I 1665 er stølen til Fosstveit kalla «Stastohall». Det er uvisst kva for ein av dei tre nemnde stølane som då er meint.

Utanom høyet nytta ein og lauv og skav som fôr. Det var mykje askestuv på Fosstveit tidlegare. I dag er ein heilt gått bort frå slik foring. Skogen kunne og vera ei inntektskjelde. Det var ikkje tømmereskog til Fosstveit, men det var mykje bjørkeskog. Og denne vart i stor monn selt som ved. Dessutan vart det rive mykje never og ein del bork til salg. Og endeleg var det mykje hassel på garden, så ein kunne selja tønneband. Alle desse faktorene må vi tenkja oss bak velstanden på Fosstveit.

Samuel Knutsson Fosstveit.

I ei skattelite frå 1603 får vi for første gong vita namn på nokon som budde på Fosstveit. Den mannen som då brukte garden, og som gjerne kan ha vore den første som budde der etter øydegardstida, heitte Nils og er nemnt til 1630. Året etter var han komen til Veka der han seinare skulle bli buande. Det er difor fortalt meir om han i saga om Veka.

Då Nils flytta til Veka, tok ein mann som heitte Samuel Knutsson over etter han på Fosstveit. Han var født ikring 1609 og var såleis berre eit par og tjue år då han kom til garden. Han vart den første Samuel Fosstveit. Vi veit ingen ting om opphavet hans, men han kan etter alderen godt ha vore son til den Knut som er nemnt på Saua tidleg på 1600-talet, sjøl om det ikkje finst noko prov for det. Derimot kjenner vi kona hans betre. Ho var Anna Lambertsdotter, var dotter til Lambert Hustveit og halvsyster til Tolleiv Hustveit, Knut Randvolljord og Ivar Litlarød. Han fekk to søner med Anna, Knut som reiste til Stavanger og vart buande der, og Kristen som døydde barnlaus i Finnmark i 1716.